

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
Nr. 1 – MARS 2006 – 9. ÅRGANG

Morgen på stølen

*Dei fyrste ljósstrimene når meg gjennom
det vesle vindauge, og bryt natta og
svevnen.*

*Ljodlaust, som då den siste ljosken
ifrå soli sugla den seine kveldstimen,
stiltrar ho seg over golvet mot meg.*

*Kvass og klår kjennest morgenlufti
som kjøler det varme andletet mitt etter
svevnen sitt tunge tak.*

*Det vaknar ikring meg. Kopp og skål,
fat og kniv, krukke og spann, krakk og
bord, sko og klede, skåp og hylle, dør
og blåmåla karm.*

Alt er i denne morgonstundi.

*Granne strekar teiknar soli på veggen
der ho møter florlett spinodelve i innste
kroa, slik ho samstundes teiknar av ei
sumarlett stølsgardin mot den skakke
glaskarmen.*

*Nakne føter stig over golvet der føter
for har gange. Slik ein morgen! Alt
og alle ris or svevnens favntak, her i
stølsheimen.*

*Bjølleklemt og uroleg tråkking over
båslegje i flor etter flor, der ei og anna
solstråle troklar seg inn gjennom gjisne
bord, på leiting etter skuggane sine.*

*Støle lemer strekkjest og mjuknar til
liv. Friskt blod kjem i rørsle, og dagen
andar mot ein.*

*Vassklår kjelde ventar tyste munnar i
skir morgondis mot dogga gras. Jublan-
de møtest dag og ljose sumarnott i dette
morgongryet. Alt fevnest før gryet vert
inkje og dagen er.*

*Hender tek ikring brød og ost.
Dukar bord og etlar mat og kopp
framfor svoltne munnar. Smør og prim,
mjølk og vatn. Ihopknepte hender og
dagleg brød.*

*Tysst. Det lyer frå bekk og bre.
Alt er vase og alt er. Frå ævor attende,
min Gud.*

Halldis Aalvik Thune



Neste utgåve

av Seterbrukaren kjem i juni, med frist for stoff, foto, annonsar, meldingar 20. mai, og vi gjentek den vanlege oppfordringa: spaltene er opne både for skriftelege bidrag og bilet. Tips om tema er også velkomne, vi har ikkje ressursar til å følgje opp alt som skjer rundt om i seterlandet, og er såleis avhengig av vakne og aktive lesarar!

Arrangement

Vi reknar med mange stølsarrangement også sommaren 2006. Send informasjon til Norsk seterkultur så snart planane er klare – og vi legg det ut på "Seterkalenderen" på nettsida eller presenterer det i juniutgåva av Seterbrukaren.

Medlemspengane

Vi minner om medlemspengane, giro var innlagt i Seterbrukaren som kom ut i desember. Om den skulle ha blitt borte, så finn du kontingentsatsar og kontonummer andre stader i bladet.

Fotokonkurransen

Det har ikkje vore så veldig stor respons på fotokonkurransen, men vi takkar for gode foto som vi har fått. Vi vil gjerne ha fleire foto, så vi gir ein ny sjanse og let konkurransen gå fram til mai, slik at vi kan presentere vinneren i juniutgåva av Seterbrukaren.

Marknadsføring

Vi tilbyr alle som har seterprodukt å tilby – mat, servering, overnatting, aktivitetar, opplevelingar m.v. om å nytte Norsk seterkultur si internetside – som ein del av medlemsservisen. - Vi kjem til å friske opp og vidareutvikle presentasjonen av desse produkta på www.seterkultur.no under tittelen "Velkommen til seters", og sidan besøkstala for nettstedet vårt er stigande så er dette ein god og rimeleg måte å gjera setrene og seterproduktana synlege på. 2-3 foto og tekst som gir nødvendig informasjon kan sendast til Norsk seterkultur – pr. post eller e-post.

Styret:

Jostein Sande, leiar
6214 Norddal.
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksen Sole, nestleiar
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50
kjersti.sole@skjaak.kommune.no

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55 – odar-esp@online.no

Stein Brubæk, 6636 Angvik,
tlf. 71292732, sbrubaek@c2i.net

Gjermund Stormoen.
TINE BA, Pb 25, 0051 Oslo
Tlf 22938800 - gjermund.stormoen@tine.no

Varamedlemmer

Elin Rønning, Meråker. Tlf. 90 96 74 60
Ingrid Arneng, Heggenes. Tlf. 95 78 32 06
Marit Hoel, Molde. Tlf. 71 24 46 04

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Redaktør: Jostein Sande
Førttrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803
Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.
Framsidefoto: Norsk Setermuseum.



Styrk dei regionale miljøprogramma!

Vi har framleis ikkje statistikken for seterdrifta 2005 – dvs. talet på setre som sokjer tilskot – klar for heile landet, men ein del meldingar har vi fått frå fylka. Oppland har ein nedgang frå 523 til 506 enkeltsetre, prosentvis ein nok mindre attendegang enn næreste åra før. Vi må nok rekne med attendegang i fleire fylke, dei som fell i frå er i hovudsak dei som sluttar med mjølkproduksjon, men det er også positive signal. Vi ser faktisk ei rekke eksempel på at seterdrifta blir teke opp att etter mange års opphald. Fire kommunar i Oppland hadde auke i talet på setre i drift, og frå Nord-Trøndelag meldes det om aukande omfang av seterdrifta. I dette bladet har vi ein artikkel om nytt liv på ein stol i Telemark, og vi veit at fleire "legg i startgropa" rundt om i landet.

Det er ingen tvil om at ein gjennom økonomiske verkemiddel kan stimulere til rekruttering, og gjennom dei regionale miljøprogramma har dei fleste fylka auka setertilskotet vesentleg. I kontakt med landbruksavdelingane i fylka og faglaga får vi rimeleg eintydige meldingar om at tilskota "treffer" godt, ja så godt at tilskottssatsane i nokre fylke har vorte ein del redusert i høve til opphavlege forslag. Og vi registerer ganske store skilnader mellom fylka. Den samla potten er ikkje stor nok for alle dei gode føremål! – Difor er det viktig at det som resultat av vårens jordbruksforhandlinger

gar blir meir pengar til dei regionale miljøprogramma! Vidare håpar vi at dei fylka som heng etter i tilskot til seterdrift snarast "hevar blikket" – og gir seterdrifta eit skikkeleg løft!

Norsk seterkultur sto i fjar vår hardt på for at det seterprosjektet staten føreslo – eit femårsprosjekt med 10 millionar kroner – skulle ha eit vidare perspektiv. Det vart resultatet i og med at det omfattar tre fylke, Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal. Frå LMD (Landbruks- og matdepartementet) blir det understreka at prosjektet som får midlar frå denne potten skal ha overføringsverdi til seterområde i andre deler av landet. I det same rundskrivet frå departementet seies det og at "kompetansen i organisasjonen Norsk seterkultur bør trekkes inn ved vurdering av større prosjekter". Vi er sjølv sagt budde på å gjere ein innsats, og er allereie i nær kontakt med fylka om den konkrete gjennomføringa av prosjektet.

I LMD sitt rundskriv om seterprosjektet heiter det at målet er å "styrke gårdsbruk i grender (områder) med seterdrift. Beholde det tradisjonelle båndet mellom gården i bygda og setra". Dette forpliktar – vi sikrar ikkje framtidig seterdrift med mange positive ringverknader utan at ein ser gardsbruka under eitt. Berebjelken i seterdrifta vår er "familiebruk", små og mellemstore bruk, og utan at desse bruka no får eit løft får vi heller ikkje levande stolar og livskraftige setergrender.

Jostein

Framgang i Nord-Trøndelag

40 bønder i Nord-Trøndelag sendte melkekyr og geiter på setra i sommer. Det var drift på 24 setre, 11 av disse var besøkssetre som ønsket interesserte gjester velkommen.

For første gang på mange år, for ikke å si generasjoner, er det registrert en økning i omfanget av seterdrifta i Nord-Trøndelag, melder fylkesmannens landbruksavdeling. Antallet setre med melkeproduksjon er økt fra 18 i 2004 til 24 i 2005. Halvparten er fellessetre for to eller flere brukere, slik at tallet på involverte brukere er 40. På 9 av setrene beiter dyra på gjødsla beite mens de øvrige utnytter ugjødsla setervoller og utmark. 11 av setrene foredlar melka og tar i mot besøkende som ønsker å oppleve seterlivet og den særegne kulturen.

Slike tilbud finnes i Stjørdal, Levanger, Leksvik, Snåsa, Lierne og Høylandet.

Trøndelagsfylkene deltar i Interregprosjektet "Grenseset – fäboddrift i Nordens grønne belte" sammen med Jämtland på svensk side. Dette prosjektet har som formål å ivareta seterkulturen og fremme kontakten mellom svenske og norske seterbrukere. Myndighetene ønsker å stimulere beitebruk og seterdrift ved bruk av landbrukspolitiske virkemidler for å hindre gjengroing i kulturlandskapet og legge til rette for trivsel og verdiskaping. Gjennom det regionale miljøprogrammet for jordbruket i Nord-Trøndelaget er tilskuddsordningene til seterdrift styrket betydelig. Dette er trolig hovedårsaken til den markerte framgangen seterdrifta har hatt i Nord-Trøndelag

Seterkulturen slår an på TV!

Flott og tankevekkande fra Innerdalen

NRK1- "Ut i naturen" frå Innerdalen på Nordmøre 3. januar sette rekord. Tidenes mest settet ut i naturen-program – heile 856.000 såg programmet, over 60 prosent av dei som såg TV den dagen! Og tilbakemeldingane er svært gode. Det har rast inn med mailar, sms-ar og telefoner, seier Eystein Opdøl. Programmet ga ein fin presentasjon av Renndølsetra, og ikkje minst sette innsatsen til dei som driv der i perspektiv – om bestefaren sitt framsynte vern av dalen og den gjennomtenkte forvaltninga av denne arven i dag. Nok ein gong kan vi slå fast at seterdrifta er den beste ambassadøren utad for landbruks- og bygdene!



Eystein Opdøl driv Renndølsetra i Innerdalen
(Foto: Eric Utheim)

Seterturisme, mulegheiter og rammer

Nyleg var det seterseminar på Lesja, der seterbrukarar på Dalsida og andre interesserte deltok. Arrangør var Lesja kommune, Lesja Fjellstyre, Statskog og Oppland fylkeskommune.

Bakgrunnen for både dette seminaret og ei tilsvarende samling sommaren 2005 var det igangsette prosjektet om mulegheiter og rammer knytt til seterturisme på Dalsida. På seminaret i fjor var det m.a. idedugnad, no sto konklusjonane i forprosjektet og innspeil til vidare satsing med å utnytte Dalsidas ”grønne fortrinn” på programmet.

Fylkesarkeolog Espen Finstad, som har leia forprosjektet og ført prosjektrapporten i pennen, orienterte om dette arbeidet. Vidare orienterte arealplanleggjar Trond Stensby om kommunedelplanen for Dalsida, som snart skal ut på høyring, Jostein Sande, Norsk seterkultur, heldt eit innlegg om mulegheiter og utfordingar for seterlivet i ei ny tid og Espen Tynnøl tok for seg lokalt pådriv og engasjement.

PLANARBEID MED FOKUS PÅ SETERKVALITETAR

Lesja kommune meldte i 2004 oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dalsida. Denne fjelldalen har mange kvalitetar, m.a. ei rekke fine setermiljø, natur, botanikk, reinstrekk og andre kulturminne. Området har også brukarinteressar knytt til setring og beitebruk, anna næring, masseuttak, rekreasjon, fiske og hyttebygging. I samband med arealplanarbeidet tilrådde fageining

for kulturvern i Oppland at arealplanen, i tillegg til hyttebygging, må ha fokus på utnytting av eksisterande seterkvalitetar i turist- og næringssamanhang. Det vart utarbeidd ein prosjektbeskrivelse som m.a. legg vekt på at Oppland har eit ansvar for å forvalte bygningsarven på ein berekraftig måte i framtida og det auka fokus som er på å utnytte freda og verneverdig bygningar og kulturminne på berekraftig vis. Nasjonalparkssatsinga i Nord-Gudbrandsdalen har vidare fokus på korleis dei store verdiane i nasjonalparkane og randsonene kan utviklast. Dalsida på Lesja inngår i fylkesdelplan for Dovrefjellområdet, der det går fram at kommunedelplan for området skal ha særleg fokus på utforming av bygg og anlegg, bevaring, kulturlandskap, vegar og masseuttak og næringsutvikling og skjøtsel.

HOVUDMÅLET

Hovudmålet for prosjektet er auka verdiskaping på Dalsida gjennom berekraftig bruk, noko som m.a. kan skje gjennom auka og ny bruk av bygningsmassen på setrene og aktivitetar, produktutvikling, guiding, sal av nisjevarer osb. Det vart løyvd midlar til eit forprosjekt med sikte på å avklare følgjande i høve til eit hovudprosjekt: realismen, viljen og potensialet i eit slikt hovudprosjekt, retning, visjon og overordna mål for vegen vidare, rollar og aktørar – og og forstudien skulle munne ut i klare tilrådingar i høve til kommunedelplanen, dessutan avklare rammer og mulegheiter i forhold til plan- og bygningslova, kulturminnelova og fjellova (seterforskrifta). Eit grundig arbeid ligg no

føre i rapportform – med god dokumentasjon og klare tilrådingar.

AKTIV SETERDRIFT

OG STORE BYGNINGSRESSURSAR

Sommaren 2005 var det 8 av seterbrukarane som dreiv tradisjonell setring med mjølkproduksjon i området, vidare beiter 9-10.000 sauер og lam og kring 1.000 storfe innafor Dalsida statsalmenninng. Det er registrert over 330 bygningar knytt til setermiljøa, der i allefall 250 har klar samanheng med seterdrifta. Minst 100 av desse bygningane er bygde før 1900. Alt dette viser kva ressursar Dalsida har knytt til den tradisjonelle bruken av området, og som avgjort er eit godt grunnlag for ytterlegare verdiskaping. – Forprosjektet inneheld m.a. eit eksempel på eit reiselivskonsept for ei av setergrendene, med særleg fokus på tilbod for barnefamiliar. Det er vidare peika på ei rekke element som kan inngå i utvikling av seterprodukt av alle slag. Vi merkar oss at Oppland fylkeskommune vil ”bidra aktivt i utviklingen av regionenes grønne fortrinn” – m.a. ved utarbeiding av byggjesikkrettleiar, gjennomføring av seterseminar, stille til rådvelde ekspertise på ei rekke område, hjelpe til med søknader til sentrale kulturminneaktørar og tilrettelegging for finansiering av tiltak. Dalsida er eit område som avgjort har store mulegheiter for ytterlegare verdiskaping med utgangspunkt i seterdrift og seterkultur, og vi vil kome attende til kva som skjer i området. Deltakelsen på dei to seterseminara fortel i allefall om stor interesse for temaet.



Stemningsbilde frå Kvita. Foto: Espen Finstad.

Seterliv i Tinn – vellukka start

Den fyrste sesongen på Mydalen gjekk verkeleg bra. Me hadde flotte dagar og takkar alle som var innom. Det var godt å høre at folk lika maten og det beste av alt, sjå korleis born og vaksne kosa seg med dyra. I haust har lokala vore brukt til røkefisklag og bursdagar, og i vinterferien og påskeferien er det skistove med enkel mat og drikke. No er planlegginga av komande sommar i gang, satsar på busføring jonsok og å vera på stølen til om lag 10. september – og eg er sjølv sagt veldig spent på om det blir like vellukka i sommar. Det er Ingebjørg Håvardstveit i Tinn Austbygd som fortel dette.

Staulen Mydalen har vore ute av tradisjonell staulsdrift sidan 1958, men no har det altså vorte drift att – med kyr, hestar, høner og geit – og folk! Med god hjelp av familien har Ingebjørg restaurert fjoset, bygd nytt serveringslokale og restaurert den gamle stølsbua. - Me tek med oss historia inn i dagen i dag – og vil syne dette for alle som kjem med aktivitetar og god mat.

LANG PLANLEGGING

Ingebjørg fortel at ho tok til å planleggje dette alt medan ho gjekk på vidaregåande skule. Etter 11 år borte på skule og arbeid bar det heimatt til garden Håvardstveit, der ho bur saman med mannen og to born – 5 og 3 år. Foreldra bur der au, og er til stor hjelp. Ja, det trengst fleire generasjonar på ein gard skal ein utvikle slikt som dette, seier Ingebjørg. Ho sjølv er ”mjølkbonde” medan mannen arbeider med data – og det siste kjem tydeleg til god nytte når heimesida skal utformast. ”Seterliv i Tinn” har ein flott internett-presentasjon!

Garden med 9-10 kyr, kvote på om lag 40 tonn, to hestar, ti høner, jord og skog er grunnlaget for det Ingebjørg har utvikla. Borti 200 da blir hausta, mykje leigejord. Garden ligg 600 moh, staulen 5 km frå og

300 m høgare oppe – i skogbandet, med fin utsikt og kort veg opp på Hardangervidda. Mydalen er eigentleg ein heimstøl. – Det har vore mykje arbeid og kostnad å få i stand dei naudsynte husa på stølen. Det har vore god støtte frå Innovasjon Norge, og det har vore stor eigeninnsats – med tømmer frå eigen skog og mykje byggjearbeid. Har eigentleg leigd berre elektrikar og røyrleggjar, seier Ingebjørg.

GODT MOTTEKE

Ingebjørg fortel at ho var veldig spent på responsen. Heldigvis, tilbodet slo an – mykje folk kom for å oppleva stølsdrifta og smake stølskosten. Ikkje minst folk lokalt viste å setje pris på at det vart liv på stølen att, ikkje minst eldre som minnest den tida det var drift på mange stolar. Serveringsbygget med sitjeplass for 50 kom vel med. Forresten skal Mattilsynet har ros for at dei rådde oss til å byggje såpass stort, eg tenkte meg noko mindre, men dei meinte det burde vera plass for ein busslast. Ingebjørg tykkjer også elles at ho har fått mykje god hjelp og råd frå Mattilsynet. Gode råd og hjelp får ho og frå naboen Barbro Stordalen, leiar og drivande kraft i Norsk Gardsost. Eit 35 kvm stort tilbygg til fjoson hyser mjølkrom, lokale for foredling og lager. Produkta så langt er knaost, rjome og smør. Sidan det ikkje er levering frå stølen vart det mykje å foredle, det meste til rjome – som så vart bruk til rjomegraut. Ikkje så mykje smør førstesesongen. Fleire produkt kjem nok til i framtida, for da vi hadde denne samtalen med Ingebjørg var ho på ystekurs i Aurland. Maten som sto på menyen sist sommar var: rjomegraut, kåku og sneisemat (flesk, flatbrød og poteter) – og knaost, rjome og smør var tilsalts. Ei seterbu med 6-8 sengeplassar blir leigd ut med aktivitetar på stølen.



Nokre trudde skiltet tyda ”pass opp farleg hane”, meininga var heller køyr varsamt:høns i vegen, kva Silkelin tenker om skiltet er vel ikkje godt å vita.



Aktiv og innhaldsrik ferie på stulen

Mydalen

I Mågebu får ein bu dersom ein er interessert i ein aktiv og innhaldsrik ferie.

I ei vekes opphold kan gjestane vera med på:

- Fjossstell morgon og kveld
- Fylgje kyrene ut på beite
- Hente kyrene
- Lage smør
- Kveldsmat med historie

Og dei kan velja mellom fleire turar:

- Ridetur
- Kjerretur med hest
- Gå på sneisetur til heimstauen 10 km t/r i lett terren

Seter og fäbod- gammel tradisjon i ny tid.

For andre året på rad har Interregprosjektet "Grenseløs seter- fäboddrift i Nordens grønne belte" arrangert to dagers seterkonferanse i Stjørdal. Årets konferanse samla 90 deltakere fra Norge og Sverige. Et rekke tema knytta til seterdrift og seterkultur ble drofta, og engasjementet var stort både hos innleiderne og i salen.

AV ERIK STENVIK

Første tema var "Utvikling eller avvikling – legger dagens rammevilkår til rette for seterdrift i framtida?" Innleder var Inger Lise Saglie fra Norsk institutt for by og regionforskning som har deltatt i et forskningsprosjekt om betingelsene for seterdrift. Et rekke lover og forskrifter (fjelloven, seterforskriften, plan- og bygningsloven og naturvernloven), landbrukets virkemidler (tilskottssordninger) og Mattilsynet (regler for næringsmiddelhandtering) er viktige i denne sammenhengen. Ragnar Mjelde fra Landbruks- og matdepartementet understreket i sin kommentar at departementet ønsker å fremme seterdrifta, og at avtalepartene i 2005 avsatte 10 millioner kroner til et femårig seterprosjekt. Aktivitet må til for å bevare verdiene som ligger i seterkulturen og landskapet. Seterforskrifta er under revisjon, og regionaliseringa av miljøvirkemidlene har gitt positive utslag for seterdrifta i flere fylker. John Petter Løvstad fra Norsk Bonde- og småbrukarlag omtalte utmarka og seterdrifta som "den glemte ressurs" og viste til at det til tross for tilbakegangen høstes for for 875 millioner kroner på utmarksbeite. Den sterke tilbakegangen i seterbruket er et resultat av politikken som er ført, og at departementets satsing på området er for tafatt. Han stilte spørsmål om vi må være villig til å endre for å bevare og siterte kongen: "Kanskje ligger svaret på framtidas utfordringer i fortida". Alf-Erik Kristoffersson, seterbruker og naturoppsynsmann, kommenterte fra en svensk synsvinkel og konkluderte med at "vi har så mycke gemensamt at vi riv grensen og går på sambete". Han beskrev seterlivet ut fra egne erfaringer som godt, men at det også innebærer ansvar og utfordringer. Han pekte også ut fra egne erfaringer ut fra rovdyrforvaltninga som ei stor utfordring.

Tema to "Seterbrukets rolle som kulturbærer" startet med et innlegg fra Jesper Larson fra Sveriges lantbruksuniversitet. Han tok oss igjennom ulike faser av seterhistorien tilbake til middelalderen og konkluderte med at seterdrift i dag framstår som en mulighet for bygdene i Sverige og Norge, slik det gjorde på 15- og 16-hundretallet. Karoline Daugstad innleda sitt foredrag med å si at de fleste setre er nedlagt, men det er en enorm kulturarv som skal bæres videre av de som driver i dag. Kvinnfolk og melk er fellesnevner, og beiting er grunnlaget. Det er viktig å få fram at seterdrift er en del av landbruket og at det er en viktig erkjennelse at det finnes ei kobling mellom landbruk, seter og landskap. Hvis formålet med seter bare er turisme blir resultatet dårlig, også for turistene. Hun oppfordra også seterbrukerne til å ha realistiske ambisjoner og ta små skritt. Karl-Olof Sundeberg, seterbruker fra Hede i Jämtland, stod fram som den personifiserte kulturbærer da han tok oss med til sitt paradis Østvallen. Gjennom ord og bilder skapte han en stemning som fikk tilhørene til å kjenne fjøslukt og høre fuglesang. Marie Byström fra Center for Biologisk Mångfald orienterte om et prosjekt som skal dokumentere sammenhenger mellom tradisjonell lokal kunnskap, bruk av lokale ressurser og biologisk mangfold, og hvordan dette kan bidra til bevaring, bærekraftig bruk og rettferdig fordeling av ressurser.

Tema tre på andre dagen starta med et engasjert innlegg fra Pascale Baudonnell fra Norsk Gardsost. Hun beskrev melka som et bilde av det miljøet den er produsert i. Gjennom pasteurisering "nullstilles" melka og viktige kvaliteter går tapt. Tradisjonelle upasteuriserte produkt er etter hennes oppfatning viktige for mangfold og legitimitet. Tradisjon kan ikke framstilles industrielt. Hun framheva også treverk i hus og utstyr som viktig for tradisjon og kvalitet på produktene. Magne Skjervheim, forsker fra Veterinærinstituttet i Bergen, ga henne langt på veg rett i dette. I tidligere tider var treverk fundamentet for trygg mat, men det forutsette rett kompetanse. Han la fram interessante resultat fra sitt arbeid som viser at en gunstig bakterieflora utvikles og opprettholdes ved lave pH-verdier, og at eldre tiders melkestell med utstyr av tre og bruk av einerlaug fremmer nettopp dette dersom det gjøres på rett vis. Kjell Aurstad fra Mattilsynet sa i sin kommentar at omsetning av upasteuriserte produkt ikke representerer noe problem forutsatt at det finnes tilfredsstillende kompetanse og framstillinga skjer på betryggende måte. Han understreket at det finnes kompetanse på begge sider, både hos seterbrukerne og hos Mattilsynet, og at begge parter har mye å vinne på dialog og godt samarbeid. Han uttrykte også at Mattilsynet ikke er statisk, men søker gode og praktiske løsninger som sikrer trygg produksjon av matvarer på setra.

Siste tema var "De gode eksemplene", og dette ble nok for mange av tilhørene et høydepunkt. Pascal Baudonnell fortalte om Undredal Støysysteri som er et fellesstiltak som produserer upasteurisert ost. Sissel Enodd tok oss med til Oddvollen i Budal. Der er hele familien engasjert i seterdrifta, og det produseres smør og ost. Karin Bjørkan, også fra Budal har til tross for at hun er bare 17 år allerede flere sesonger bak seg som setertaus. Hun beskrev seterlivet med stor glød og begeistring og stod fram som en garantist for at seterdrifta har ei framtid. Anna Svensson og Inger Jonsson fra Klövsjö fortalte med humor og engasjement om serlivet på svensk side. Anna driver med kyr, mens Inger har geit, og begge produserer ost. Anne Berit Sæter fra Leksvik i Nord-Trøndelag tok opp igjen drift på gammel seter i 2005. Hun fortalte om sine erfaringer i startfasen og poengterte at det gode samarbeidet med Mattilsynet hadde vært til god hjelp. Hun har godkjennung for varmebehandla melkeprodukter og tar i mot besøkende på setra. Marie Klockvold fra Funäsdalen representerte reiselivsnæringa og pekte på at seterkulturen som merkevare og kilde til opplevelser er viktig også for aktører utover landbruket.

Det ble knytta mange kontakter under konferansen og hele arrangementet var prega av god og optimistisk stemning. Flere av deltakerne ga uttrykk for at de ønska tilsvarende arrangementer også i framtida.



Pascale Baudonnell sammen med møteleder Magnhild Melandsø fra Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.



Ei lydhør forsamling

Stølar og skatterett

I artikkelen "Etterlyser masterplan for stølar i Øystre Slidre" som stod i avis Valdres 6.10.05 ser eg at det mellom anna er diskusjon om stølsbygningar og hytter. Dette er eit viktig spørsmål som må avklårast, serleg i samband med utgifter til vedlikehald av stølsbygningane.

AV HALLDIS AALVIK THUNE

Når det gjeld definisjonen av kva som er ein stølsbygning eller ei hytte, så må dette vera enkelt:

Selet og andre stølsbygningar er bygde på stølsjordet som ein driftsbygning til garden, og kan ikkje omdøypast til hytte.

Ei hytte er ein fritidsbygning som er bygget på ei tomt som ikkje har tilknyting til garden og gardsdrifta.

Når det gjeld utgiftsföring og avskrivning av påkostningar på stølsbygningane, så har praksis ved likningskontora vore ulik. Grunnen til dette er nok at utnyttinga av gardens ressursar i fjellet har endra seg frå den tid det var mjølkeproduksjonen på kvar einaste stol. Og så lenge stølen vart nytta til mjølkeproduksjon, var det ingen problem når

det gjaldt skattlegginga. Det vart det heller ikkje etter at stølsdrifta vart lagt om frå ost- og smørproduksjon på stølen til at mjølka vart levert til meieriet. Fyrst etter at mjølkeproduksjonen vart lagd ned i samband med overgang til andre driftsformer på garden, oppstod det skatteproblem i samband med stølane. Ved nokre likningskontor vart ikkje stølshusa sett på som driftsbygningar lenger når stølen vart nytta til andre føremål enn mjølkeproduksjon. Sume likningskontor likna då selet som ei hytte.

I tidsskriftet SKATTERETT (nr. 2. 1988) står det ein artikkel om "Skattlegging av stølar", der retningslinene på dette området vert drøfta. Dette er eit emne som har vore aktuelt ved mange likningskontor, også i kommunar der stølsdrifta har vore ein naturleg del av gardsdrifta heilt fram til i dag. Også heime på garden har drifta vorte lagt om. Det heng mellom anna saman med jordbrukspolitikken, med inndirekte prisstyring, for å få mjølke- og kornproduksjon dit desse driftsformene er best eigna i jordbruksamanhang.

Det er ikkje berre likningsnemndene som har hatt vanskar med å forstå variasjonen i utnyttinga av gardens ressursar i fjellet. Sjølv meieribruket skreiv ein sumar på

mjølkekartongane: "I gamle dagar var det vanleg at gardsfolket drog på stølen om sumaren. Det er ikkje slik i våre dagar". Dette vekte naturlegvis store protestar i Valdres, som såg ein slik tekst på mjølkekartongane som "eit slag i ansiktet". Det er stundom store avstandar frå sentralt hald til bygde-Noreg. Det har det også vore når det gjeld å sjå stølsbygningane som driftsbygningar på garden, slik som andre driftsbygningar som vert nytta i andre samanhengar enn dei opprinnleger var tiltenkte. Loft og stabbur, buarhus, gardssmier og eldhús m.m. har oftast ein endra bruk i dag enn tidlagare, og fjøset står tomt der dei berre driv kornproduksjon osv. Men like fuldt kan, og bør, bonden halda desse bygningane vedlike. Og vedlikehaldet kan utgiftsförast og påkostningar avskrivast. Dette har det aldri vore nokon tvil om. Det skulle det heller ikkje vera når det gjeld stølshusa. Dei er driftsbygningar på garden, sjølv om dei ikkje ligg i gardstunet. Men kan hende denne avstanden mellom gardstunet og stølsvollen har vore med på å gjera dette vanskeleg å forstå for dei som er vane med å tenkja på fjellet berre i samanheng med hytter og ferie. Difor er det viktig at skattlegginga av stølshusa vert avklåra. Dersom gardbrukaren får bygge-øyve for å setja opp fleire "bustadhus" enn selet som står der, for å kunna leige desse

Mindre tilbakegang i Oppland

Oppland er det store seterfylket – reint tallmessig – og etter at setertilskotet vart en del av det regionale miljøprogrammet og auka vesentleg – er det spennende å sjå korleis utviklinga er. FMLA i Oppland har nå talla klare, og Stig Horsberg kan melde om følgende: - Det tar tid å få gjennomført kontroller og feilretting, men nå har vi fått endelige tall for søkerne om tilskudd til seterdrift. Vi må nok dessverre notere oss for en nedgang for enkeltsetrene, fra 523 til 506 setrer. Den prosentvis nedgangen er likevel et snaut prosentpoeng lavere enn snittet for de fire foregående åra, minus 3,3 % mot 4,2% de fire åra før. For fellessetrer er det faktisk en oppgang, fra 42 til 46 setrer. Det vi vet fra åra før, er at det i hovedsak er produsenter som slutter med mjølkeproduksjon som faller fra i seterstatistikken.

Oppmunrende

En ting som er oppmunrende, er at det faktisk er 4 kommuner som har en oppgang på til sammen 5 setrer i drift. Det viser at det kan være mulig å stimulere til rekruttering, og det er selvfølgelig avgjørende for seterdriften på litt lengre sikt. Ellers er det vel å si at effekten av økte tilskudd må sees



Brenden seter i Lesja, eit godt eksempel på korleis tradisjonell seterdrift og turisme kan utviklast.

over litt lengre tid enn det første året. Vi kan heller ikke se helt bort fra at noen kan ha felt fra fordi de ikke har oppdaget at de må soke på et annet skjema enn for produksjonstilskudd. Men vi vet at kommunene har vært flinke til å følge opp der det "mangler søker" ikke minst når det gjelder setertilskuddet, sier Stig Horsberg ved FMLA Oppland.

Norsk Tiroler Graueieh

Rasclaget vil hvert år importere sed av avkommgransket okser med gode indekstall for blåde melk og kjøtt fra Østerrike.

Tiroler Graueieh sæden må spesial bestilles hos GENO tlf 62 57 48 15

For mer informasjon om rasen og seminoklene kan du gå inn på raselagets nye hjemmeside: www.ntgf.no

Du kan også ta kontakt med lederen i Foreninga, Arild Fallinger tlf 90 68 62 63.

ut for å auka inntektene på garden, så må desse sjåast på som driftsbygningar på garden, i alle samanhengar. Det er feil å kalla desse ”utleiehytter” slik det ofte er gjort, men det er nok mest fordi ein ikkje har hatt noko navn frå gamalt av som er naturleg å bruka på desse, enn stølshus, og så har navnet ”utleiehytter” vorte brukt fordi desse bygningane har vorte leigde ut til ”hyttefolk”, det vil seia folk som har leigd dei til fritids- og feriebruk.” Utleigesel” hadde vel vore eit rettare navn, sjølv om det også er ein ny definisjon av ordet sel. Kan hende ”utleige-fritidshus” på stølen kunne vera eit anna navn som kunne brukast, men utleiehytte er det i allefall ikkje, korkje i skattemessig samanheng eller i samanheng med bruken av gardenes ressursar i fjellet. Dette fordi ei hytte er bygt på ei tomt som ikkje har tilknyting til garden og gardsdrifta.

Gardsdrifta må sjåast i eit større perspektiv. Driftsmåten kan variere frå generasjon til generasjon, og vedlikehald av stølsbygningane, som andre driftsbygningar på garden, er viktig for landet vårt. I artikkelen i tidskriftet SKATTERETT (nr. 2 1988) vert det samanfatta slik: ”Dersom stølshusa vert nytta i samband med næringsverksemd på garden har gardbrukaren rett til å utgiftsføre vedlikehald og skrive av påkostningar på selet og dei andre bygningane på stølen. Det er ikkje noko krav at det skal vera mjølkeproduksjon på stølen. Det gjeld like fuldt ved



Foto: Espen Finstad. Frå Sjong, Dalsida på Lesja.

utnytting av andre ressursar som garden har i fjellet.

Gardbrukaren har også rett til avskrivning av påkostningar som han har på stølen for at den skal verta meir tidhøveleg. Det kan vera tale om vinterisolering, innlegging av vatn og elektrisitet, påbygging av soverom for å gjera plass til familien osv. Alt dette må godtakast ved likninga. Men dersom stølen ikkje vert nytta til noko slags drift for garden lenger, kva då? Gardbrukaren må halde husa vedlike endå om dei ikkje er i bruk. Det er ikkje sagt at det ikkje kan verta aktuelt å nytta dei i gardsdrifta i framtida. Og husa tenar som lagringsplass av utstyr for stølsdrifta. Held ein ikkje husa på stølen vedlike, så mister garden den ressursen som stølen

er. Difor må regelen vera at utgifter med å halda stølshusa vedlike, kan utgiftsførast også i slike tilfelle, slik som driftsbygningar nede på garden som ikkje er i bruk. Stølen er bygd opp som ein lekk i gardsdrifta og må godtakast som det så lenge gardbrukaren sjølv ser det slik.”

Skattereglane for driftsbygninga i jordbruksanlegget er avgjerande for vedlikehaldet av desse. Ved at gardbrukaren kan utgiftsføre vedlikehaldet og avskrive påkostningar på driftsbygninga, fører dette til at vedlikehaldet vert betre enn det elles ville vore. Garden er ei bedrift som eigaren investerer i, slik at arbeidsplassen kan tryggjast også for framtidta.



Ein separator for dei som vil halde i hevd gamle tradisjonar, og kjenne gleda av å servere mat der råvarene kjem frå eigen gard eller støl.

60 l/t - 3 hastigheiter for ulikt feittinnhald.

Lakhsmi separatorar (60- 1000l/t) og kinner (4- 120l). Alle vitale delar i særslig rustfritt stål.

Introduksjonsprisar fram til 1/7



For den profesjonelle bruker,
550 l/t.

UV-anlegg i rustfritt stål for sikker vasskvalitet i foredling og mjølkerom. Særslig enkel montering. Kapasitetar frå 4-90 l/t. Kan tilpassast 12v for batteri eller solcelle.



39 W 30 l/min

NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL

B

Bli med i



Medlemskontingent 2006

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttmedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
 Organisasjon/institusjon
 Støttmedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre
heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR


6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51 169



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen
og vi støttar Norsk seterkultur
i arbeidet for denne driftsforma



oktanhamar.no

Pluss Lammedrikk

Norskprodusert melkeerstatning spesielt
tilpasset lam.

Lett for smokken og god for magen.

- Høgt energi- og vitamininnhold
- God teknologisk kvalitet
- Ferdig syrnet

Pluss

Felleskjøpets tilskuddsförserie